

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
062/18	Formannskapet	PS	30.10.2018
052/18	Levekårsutvalet	PS	13.11.2018
044/18	Plan- og samfunnsutvalet	PS	19.11.2018
018/18	Administrasjonsutvalet	PS	13.11.2018
078/18	Formannskapet	PS	27.11.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Linda Mæland Nipen	K1-145, K1-150	18/2048

Budsjett- og handlingsprogram 2019, økonomiplan 2019-2022, revidert budsjett 12-2018 for Flora kommune **Overlevering av rådmannen sitt utkast til Flora formannskap**

Framlegg til vedtak:

Flora formannskap tar saka til vitande

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.
Formannskapet - 062/18

FORM - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding om å ta saka til vitande.
Etter framlegg frå ordførar vart det vedteke to ekstramøter i formannskapet:

Mandag 5.november kl.18.00: Partia sine innsende spørsmål til budsjettet skal drøftast.
Mandag 12.november kl.18.00: Rådmannen svarar på innsende spørsmål.
Møtestad for begge møtene vert Rådhuset, rettsalen.

FORM - vedtak:

Flora formannskap tar saka til vitande.

Mandag 5.november kl.18.00: Partia sine innsende spørsmål til budsjettet skal drøftast.
Mandag 12.november kl.18.00: Rådmannen svarar på innsende spørsmål.
Møtestad for begge møtene vert Rådhuset, rettsalen.



Levekårsutvalet - 052/18

LKUV - handsaming:

Gjennomgang av skule og undervisningsdelen v/kommunalsjef Anders Moen.

Gjennomgang av hele og omsorgselen v/kommunalsjef Norunn Stavø.

Røysting:

Samrøystes teke til vitande.

Framlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

LKUV - vedtak:

Levekårsutvalet tek saka til vitande, med slikt tillegg:

Levekårsutvalet ber bystyret om å løyve pengar til parkeringsplass ved Eikefjord barnehage.

Administrasjonsutvalet - 018/18

ADMU - handsaming:

Framlegget til Vidar Grønnevik, H, vart vedteke med 3 mot 2 røyster (arbeidstakarrepr.)

ADMU - vedtak:

Administrasjonsutvalet er uroa over at kommunen har eit ressursforbruk i alle sektorar som overstig samanliknbare kommunar (gruppe 11 i KOSTRA) og tilrår Bystyret å pålegge

Rådmannen, innen 15. februar, å legge fram ein personalplan og plan for øvrige driftskostnader som bringer budsjettet i balanse i løpet av 2019, uten auke i kommunale skatter og avgifter.

Plan- og samfunnsutvalet - 044/18

PSUV - handsaming:

Plan og samfunnsutvalet tok samrøystes saka til vitande

PSUV - vedtak:

Plan og samfunnsutvalet tek saka til vitande

Formannskapet - 078/18

FORM - handsaming:

Framlegg frå Høgre, Frp og KrF v/Vidar Grønnevik:

Det framlagde budsjettet for 2019 viser med all tydeligheit at Flora kommune er i ein situasjon der driftskostnadene over tid har auka meir enn inntektene og gjennom dette skapt ein finansiell situasjon som ikkje er økonomisk bærekraftig.

Situasjonen kan ikkje løysast ved å auke skattar og avgifter - det vil kun gje avlastning på kort sikt og forsterke dei langsiktige utfordringane.

Ressursbruken må nedjusterast no - ref. Vedtak i Administrasjonsutvalet i sak 018/18 :

"Administrasjonsutvalet er uroa over at kommunen har et ressursforbruk i alle sektorar som overstig samanliknbare kommunar (gruppe 11 i KOSTRA) og tilrår Bystyret å pålegge Rådmannen, innen 15. Februar, å legge fram ein personalplan og plan for øvrige driftskostnader som bringer budsjettet i balanse i løpet av 2019, uten auke i kommunale skatter og avgifter».

I budsjettframlegget frå H, FrP og KrF det gjort følgjande endringar i Rådmannen sitt budsjettframlegg :

- Inntektsført redusert innstramming i.h.t info frå Rådmannen av 23.11 18 (1 mill)
- Situasjonen krev ei moderat lønsoppgjer i 2019 (dette korresponderer også godt med lønnsnormeringa i.f.t Vågsøy kommune) (4,5 mill)
- Forsiktig anslag på konsekvens av moderat lønsoppgjer på pensjonskostnadene (0,5 mill)
- Redusert tenestekjøp av KFI må utlignast av like stort kostnadskutt i dei tenestene som har levert til KFI (9,78 mill)
- Adm. Av eigedomsskatten må ivaretakast av eksisterande organisasjon - fortrinnsvis Tenestetorget (0,2 mill)
- Storbossordninga vert avvikla (1 mill)
- Nepjarhaugen vert organisert som privat barnehage -investering og drift (3,7 mill)
- Eigedomsskatteauken vert reversert (16,3 mill)
- Stavang skule vert opprettholdt - andre semester effekt i 2019 (1,4 mill)
- Bufferfondet kan tilførast ca 3 mill

Skjema vert sendt i egen e-post.

I investeringsbudsjettet er følgjande endringar gjort (tall foran refererer til nummereringa i Rådmannen sitt budsjettframlegg) :

- 2 - Ny brannstasjon er tatt ut av budsjettet grunna den økonomiske situasjonen
- 4 - Kai til brannbåt er tatt ut av budsjettet då det er god kaikapasitet i sentrum
- 7 - Ombygging av FLOMS er utsatt med to år
- 8 - Oppgradering av FLOMS-fasade er utsatt med to år
- 14 - Samhandlingsavtale Docen II er redusert med 56 KNOK og bør være tilstrekkelig for ein trykkfølsom 55 toms skjerm
- 33 - Oppgradering uteområde FUS er utsatt i ett år
- 41 - Oppgradering av lys ved Florahallen er utsatt i ett år
- 44 - Kultursenter er tatt ut av budsjettet
- 64 - Gangveg Kystmuseet - Båtevika er utsatt i to år
- 66 - Revidering av trafikktryggleiksplanen er forutsatt gjort i egen organisasjon (0,5 mill er tatt ut)
- 76 - Digitalisering av arkiv er forutsatt gjort i eigen organisasjon (3 mill er tatt ut)

Av såkalt sjølvfinansierende investeringar er det gjort fylgjande endringar :

VAR får ei årleg ramme på 30 mill og må tilpasse aktiviteten sin til det.

Rådhuset vert tatt ut i investeringsbudsjettet. Skal det byggast så må det skje i privat regi, der ei lang leigeavtala vil kunne inngåast med ein yield som ligger nær kommunal driftseffekt på kommunale investeringar. Med ei slik løysing vil kostnader først starte ved innflytting og prosjektrisikoen er fjerna i.f.t investering i kommunal regi som vil medføre driftskonsekvens alt året etter første investeringskrone og budsjettoverskridingsrisiko vil ligge i kommunen.

Barnehage i sentrum er tilsvarende tatt ut av investeringsbudsjettet. Grunnen til dette er todelt. Normal utbygging av ei barnehageavdeling vil representere ei investering på omlag 7 mill (28 mill for 4 avdelingar).

Rådmannen si kalkyle viser investeringar på 42 mill, med driftskonsekvens knytt til investeringane på 2,5 mill (eller vel 35.000 pr barnehageplass). Innsparing i driftskostnader kjem i tillegg.

Samla innsparing kan ved god prosjektstyring utgjøre 3,7 mill pr år, avhengig av «anleggskompensasjonen» til private contra berekna driftskonsekvens av investeringar.

Skjema vert sendt i eigen e-post

Kommunale VAR-avgifter vert auka med 5 %

BUDSJETTJUSTERINGAR						
(1.000)						
Nr.	Prosjekt	Investeringskutt				2022
		2019	2020	2021		
2	Brannstasjon	-1.000	0	0	-100.000	
4	Kai til brannbåt	-150	0	0	0	
7	Florø oms.senter	0	2.5000	2.500		
8	FLOMS ute.fasade	0	-880	0	880	
14	Samhandlingstavle	-56	0	0	0	
33	FUS	-500	+500	0	0	
41	Florahallen	-2.600	+2.600	0	0	
44	Kultursenter	0	-500	-500	0	
64	Gangveg Kystm.	-400	0		+400	0
66	Trafikktr.plan(int.arb)	-500	0	0	0	
76	Digit.arkiv(int.arb.)	-700	0	0	0	
SUBTOTAL		-5.906	-780	-100	-96.620	
"SJØLVFINANSIERANDE"						
VAR		-20.000	-6.000	-1.000		
Rådhus		0	-120.500		+20.500	+100.000
Barnehage i sentrum		1.000	-41.000	0	0	
SUBTOTAL		-21.000	-167.500		+19.500	-101.000
Avgiftsauke VAR 5%						



Møte/dato:	27. 11. 2018
Framlegg frå parti:	AP, AP, SV, MDG, SP og V

Tiltak/saldering/justering i høve utkast av 30. oktober 2018	Budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Eventuell kommentar
Havbruksfondet	- 1 000 kr	- 29 000 kr	- 1 000 kr	- 29 000 kr	Nyvekstsildeling i 2019 https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/barekraftig-og-forenlig-barvekt-for-laks/d2401801/
Forventet høyere skatteinngang	- 2 000 kr	- 2 000 kr	- 2 000 kr	- 2 000 kr	Seratt konjunkturen i Florø er oppadgående. ønsker mer optimistisk prognose i budsjettet
0,5 prosent reduksjon netto ramme	- 4 000 kr	- 4 000 kr	- 4 000 kr	- 4 000 kr	
Eiendomskatt næring, verk&bruk aukes opp til	- 4 100 kr	- 4 100 kr	- 4 100 kr	- 4 100 kr	
Prisastigning (2,8%) korrigert bustad/fritid til	- 1 000 kr	- 1 000 kr	- 1 000 kr	- 1 000 kr	
Barnehage sentrum	- kr	- 300 kr	- 300 kr	- 300 kr	
Formannskapskonto	- 100 kr	- 100 kr	- 200 kr	- 200 kr	
Endra prosjekt Brandsøy Skule, utsett 2 år	- kr	- 2 189 kr	- 2 189 kr	- kr	
Auka avkastning KFI (saktere nedtrapping)	- 2 000 kr	- 2 000 kr	- 2 000 kr	- 2 000 kr	
Lysanlegg stadion	- 500 kr	- 500 kr	- 500 kr	- 500 kr	
Skule	- kr	- 3 000 kr	- 7 000 kr	- 7 000 kr	
Bufferfond (havbruksfond)	- 2 771 kr	- kr	- 3 511 kr	- kr	Salderer budsjettet for fire inntekter frå havbruksfondet
Lønnsfrys	- 500 kr	- 500 kr	- 500 kr	- 500 kr	
Budsjettforlik regjering/KRF	- kr	- kr	- kr	- kr	Se tabell Linda understøtten
Innsats, tabell 1	522	522	522	522	If budsjettvåle på Stortinget; føring knytt til tidleg innsats over rammetilskottet er reversert. Kjem som øyemerkte midlar. I tillegg er innstramming
FUS, tabell 4	-522	-522	-522	-522	toppfinansiering ressurskrevjande brukarar reverseit, noke som gir formannskapet 1 mill kr å nytte i høve
Reversert innstramming toppfinansiering ressurskrevjande brukarar, tabell 4	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	
Eiendomskatt (tabell 1)	16 304 kr	22 558 kr	26 502 kr	28 625 kr	
Demografiutfordring skule, struktur (tabell 4)	4 167 kr	10 000 kr	10 000 kr	10 000 kr	
Ikke auka tilknytingsavgift VAR	500 kr	500 kr	500 kr	500 kr	
kommunal drift mot nullutslipp/Paris-mål	2 000 kr	- kr	- kr	- kr	Forslag frå SV+MDG
Næringsfond	3 000 kr	- kr	- kr	- kr	Finansiert frå Havbruksfond
Havbruksfondsmidler til disp (sak 076/18)	- 8 183 kr	-	- 7 702 kr	-	Finansiert frå Havbruksfond
Avsetning til buffer	1 183 kr	16 631 kr	- kr	12 475 kr	
Sum	0	0	0	0	

Salderingsbehov	20 974 kr	33 058 kr	37 002 kr	39 125 kr	Ikke auka eiendomskatt private bustader
-----------------	-----------	-----------	-----------	-----------	---

1

:

Rådmannen :

Nytt pkt. 15:

Rådmannen får fullmakt til å føreta dei naudsynte endringane i verbalvedtaka.

Røysting:

Framlegget frå H, Frp og Krf vart sett opp mot framlegget frå Ap, Sv, Mdg, V og Sp der framlegg frå Ap, Sv, Mdg, V og Sp vart vedteke med 7 mot 3 røyster.

Rådmannen sitt framlegg i 14 punkt med eit tilleggspkt.15 vart samrøystes vedteke.



FORM - vedtak:

1. Budsjett og handlingsprogram for 2019, samt økonomiplan 2019-2021, vert vedteke slik det går fram av utsendt budsjettdokument.
2. Flora bystyre tek tenestene sine handlingsprogram til orientering
3. Driftsbudsjettet for 2019 vert vedteke slik det går fram av dei økonomiske hovudoversiktene, samt økonomitabell 1-6 i kapittel 3.5
4. Priser, avgifter og gebyr for kommunale varer og tenester vert vedtekne i samsvar med vedlagte regulativ, og gjeld som lokal forskrift med verknad frå 1.1.2019
5. Bystyret godkjenner investeringsprogrammet slik det ligg føre med ei samla brutto investering på kr 179 909 000 i 2019. Nytt låneopptak utgjer kr 148 080 000, der kr 48 480 000 er knytt til investeringar finansiert av frie driftsinntekter og kr 99 600 000 til sjølvfinansierande investeringar. Momskompensasjonsinntekt utgjer kr 11 579 000, tilskot kr 16 050 000 og bruk av salsinntekter frå sal av eigedom kr 20 000 000. (15,8 millionar kr av salsinntektene er ikkje disponert)
6. Trekkramme i tråd med gjeldane hovudbankavtale er på kr 75 000 000.
7. Budsjett og handlingsprogram for kommunale føretak vert handsama særskild.
8. Budsjettet for 2018 vert revidert slik det går fram av kapittel 3 og 4 i budsjettdokumentet. Detaljane i budsjettrevideringa følgjer i økonomitabellane.
9. Unyttå lånemidlar per 31.12.2018 vert ikkje overført til 2019. Alle investeringar vedtatt for 2018 og tidlegare skal bremsast 31.12.2018 og restartas ved ny innmelding. Tidlegare planlagt låneopptak skal reduserast med 100 millionar kr.
10. Etter eigedomskattelova §§ 2 og 3 vert det utskrive eigedomskatt i heile kommunen.
 - * Alminnelig skattesats er 4 promille
 - * Bustad- og fritidseigedom 3,1 promille, jf. § 12 bokstav a
 - * Ubebygd grunneigedom 3,1 promille, jf. § 12 bokstav b

Eigedomskatt frå kr 1000 og oppover skal betalast i 4 årlege terminar. Eigedomskatt under kr 1000 skal betalast i 2 årlege terminar. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert nytta til bustad er fritekne etter eigedomskattelova § 7 bokstav c i 3 år, eller til bystyret endrar eller opphevar fritaket. Flytebrygger skal fritakast for eigedomsskatt med heimel i § 7 bokstav a i eigedomsskattelova. Fritaket gjeld ikkje bryggeanlegg som vert drive på kommersiell basis.
11. Rådmannen får fullmakt til å inngå nye sjølvfinansierande finansielle leasingavtalar. Rekneskapsmessig balansert låneopptak vert å sjå på som sjølvfinansierande ved at respektive tenester skal dekke leasingleige innanfor driftsmessige budsjettrammer.
12. Rådmannen har fullmakt til å ta opp avdragsfrie lån, samt å refinansiere lånegjeld.
13. Flora bystyre startar umiddelbart opp arbeidet med ny forskrift om oppvekstområde for Flora kommune med sikte på innlemming av Solheim skule og Steinhovden skule i andre opptaksområde frå hausen 2020.



14. Satsar for kommunalt driftstilskot til ikkje-kommunale barnehagar i 2019 vert:

Driftstilskot små barn (0-2 år)	217 350
Driftstilskot store barn (3-5 år)	105 180
Kapitaltilskot per barn Sørstrand barnehage	9 500
Kapitaltilskot per barn Furuhaugane barnehage	9 500

15. Rådmannen får fullmakt til å føreta dei naudsynte endringane i verbalvedtaka.

Alle framlegg og tabeller er
lagt ved som vedlegg.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Rådmannen overleverer sitt utkast til Budsjett- og handlingsprogram 2019, økonomiplan 2019-2022, revidert budsjett 18-2018 til Flora formannskap. Dokumentet vert levert ut i møtet. Rådmannen orienterer i møtet.

Hovuduttvala har høve til å gje uttale til utkastet i møte 13. november.

Rådmannen orienterer om utkastet i ATO-møte 20. november.

Flora formannskap kjem med framlegg til Budsjett- og handlingsprogram 2019, økonomiplan 2019-2022 og revidert budsjett 18-2018 i møte 27. november.

Flora bystyre gjer endeleg vedtak i møte 18. desember.

Flora bystyre sitt vedteke Budsjett- og handlingsprogram 2019 og økonomiplan 2019-2022 vert sendt til fylkesmannen innan 15. januar 2019.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)

Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar